

## \*Kva skjer?


  
JÆRMUSEET

Jærmuseet Hovudkontor & Vitengarden [Kvia, 4367 Nærbø] • Vitenfabrikken [Storgata 28, 4303 Sandnes] • E-post: post@jaermuseet.no • www.jaermuseet.no

### › H.M. DRONNING SONJA BESØKTE VITENFABRIKKEN

Sandnes by feirar i år 150 år med fleire storslåtte arrangement gjennom heile året. I samband med den offisielle opninga av byjubileet 14. april, besøkte H.M. dronning Sonja Vitenfabrikken. På Vitenfabrikken fekk dronninga ei omvisning i utstillinga og var til stades i UMOE-planetarier under premieren på filmen "Sandnes på 12 minutt" og den nye interaktive stasjonen "Kem e Sandnes?". 200 inviterte gjester fekk óg oppleva lanseringa av to-binds historieverket om Sandnes, og barnehagane fekk vist fram eit prosjekt dei har arbeidd med til dronninga. Rundt i utstillinga var det fleire kor- og musikkgrupper som la ei flott ramme rundt arrangementet. Sandnes viste seg frå si beste side i strålende solskin og me ynskjer H.M. dronning Sonja velkommen tilbake til oss.

### › REGIONALE SKULAR TIL TOPPS I ÅRETS NYSGJERRIGPER

Vitengarden har i fleire år hatt eit tett samarbeid med Årets Nysgjerrigper, og i mai var det igjen tid for den årlege Nysgjerrigperdagen. Her kunngjorde skulesjef i Sola, John Askeland, kven som gjekk vidare til nasjonal finale.

Årets Nysgjerrigper er ein forskingskonkurranse for barneskulen, og i år kom det inn over 150 prosjekt.

Juryen har hatt eit vanskeleg arbeid med mange gode forskningsprosjekt, og hadde valt ut totalt 6 stk som skulle representera region Sør i den nasjonale finalen i Oslo 9. juni. Gleda var stor då det viste seg at Storevarden skole frå Sola kommune gjekk av med sigeren - og vann heile konkurransen. Storevarden skole har forska på høgtlesing for dyr. Kva for ein effekt har stemmen vår? Kva slag tekstar verkar på dyra? Elevane besøkte blant anna Vitengarden og fekk lest høgt både for hestane, saue og grisene på garden. Juryen berømmar elevane for ei original problemstilling og for bruk av mange kjelder i sitt forskingsprosjekt. Gledelig er det óg at Jåttå skole i Stavanger fekk tildelt andreplass i konkurransen. Dei har forska på "hvorfor har man lekser?". Jærmuseet gratulerer både Storevarden og Jåttå skole med flott innsats!

### › HISTORISK CATWALK PÅ VITENFABRIKKEN

Jærmuseet gjekk i vinter ut og oppmoda folk i regionen til å leita i skuffer, skap og på loftet etter klede, sko og tilbehør som hadde vore produsert i Sandnes på 1900-talet. Målet var å styrka samlingane rundt Sandnes si tekstilhistorie, og få dokumentert den viktige industrien til Sandnes i våre arkiv. På det meste hadde Sandnes 29 bedrifter som dreiv med tekstil. Av dei mest kjende kan ein nemna strikkegarn frå Sandnes uldvarefabrikk, Øglænd med merkene Pioneer og Ø-klær og

badedraktane frå Figgjo, men rundt i byen var det óg fleire mindre systover. I løpet av fleire veker med innsamling kom folk innom Vitenfabrikken med klede dei hadde funne slik at Jærmuseet fekk registrert og fotografert alt saman.

Smakebitar frå denne innsamlinga vart vist i eit historisk moteshow på Vitenfabrikken, laurdag 24. april. Det var tidleg klart at ein måtte finna fram fleire stolar - interessa for å sjå desse klede i Sandnes var enorm. Det var stor stemning blant publikum gjennom heile showet, og modellane - fabrikkarbeidarane ved Vitenfabrikken - såg ut som dei ikkje hadde gjort anna enn å stå på scenen. Dei hadde fått god hjelp i forkant av tidlegare modell og Sandnesbu Grete Øglænd. I bakgrunnen fekk publikum sjå fleire bilete frå Sandnes, og sjefskonservator i Jærmuseet, Målfrid Grimstvedt og konferansier Nina Nesheim, hadde fleire historiar å koma med både om klede som vart vist fram og om korleis arbeidet var ved på dei ulike fabrikkane.

### › MEIR MIDLER TIL SPANANDE PROSJEKT PÅ VITENGARDEN

På Vitengarden er det mykje aktivitet og spanande planar for utvikling av nye utstillingar. Eit prosjekt ein arbeidar med er biogass, der ein ved bruk av kumøkk nå har starta produksjon av metangass. Hå kommune har gitt tilskot på kr. 80 000,- i støtte

H.M. dronning Sonja viste stor interesse då ho fekk omvisning på Vitenfabrikken. Her fortel sjefskonservator i museet, Målfrid Grimstvedt, om sykkelindustrien i Sandnes. I bakgrunnen ser me ordførar i Sandnes, Norunn Ø. Koksvik og direktør i Jærmuseet, Målfrid Snørteland.



Storevarden sole samla utanfor Vitengarden, då det blei klart dei gjekk vidare til nasjonal finale i Årets Nysgjerrigper. Til slutt gjekk dei av med den store sigeren!



Brurekjolen er frå 1972, og Bjørn Sundby var brugdommen den gongen. Under moteshowet bytta han derimot brura ut med ein yngre modell, Jette Harbo, medan kona sjølv var på ferie.



til prosjektet. Neste steg her er planlegging av korleis ein skal formidla dette til publikum. Det andre prosjektet er landskapslaboratorium, og her samarbeidar ein blandt anna med Sveriges Landbruksuniversitet. Fylkesmannen i Rogaland har gitt kr. 60 000,- i støtte til eit forprosjekt. Vitengarden ligg "midt i matfatet" og ynskjer å vidareutvikla utstillingane kring mat. Forprosjektet for korleis dette skal utviklast har blitt støtta med kr. 75 000,- frå opplæringsavdelinga ved Rogaland Fylkeskommune og kr. 100 000,- i tilskot frå Fylkesmannen i Rogaland ved landbruksavdelinga. Med alle desse midlene er det spanande tider i vente på Vitengarden, med mange nye utstillingar på veg.

#### › HAGE- OG HANDTVERKSDAG PÅ LIMAGARDEN

Sundag 9. mai inviterte Ålgård Hagelag og Jærmuseet til aktivitetsdag på Limgarden. Hagelaget har lenge hatt ein dag der dei sel stauder og sommarblomar, og i fjor vart Jærmuseet med for å arrangera aktivitetar som familien kunne delta i. Dagen i fjor var så vellukka at hagelaget igjen ynskjer at museet skulle vera med. Temaet dette året var handtverkstradisjonar frå Gjesdal. I tillegg til eit stort utval av stauder og blomar, fekk publikum vera med på aktivitetar som å laga sin eigen klave, slipe ljå og knivar og spikke krokar. Spreke 4H-ararar som hadde "Sau" som oppgåve stilte opp og hadde toving av ullfigurar for ungane.



Toving av ullfigurar var ein populær aktivitet på Limagarden. Gode 4H-ararar viste korleis det skulle gjerast.

#### › FORMIDLINGSGLEDE PÅ VISTNESTUNET

Museumspedagog Unn Iren Nygård har ansvar for all undervisning ved Vistnestunet. I fjor blei fleire ulike opplegg testa ut saman med Goa skule, og i år har alle skular i Randaberg hatt muligheit til å melda seg på formidlingstilboda.

Formidlinga har vist seg å vera særskild populær, og til nå har over 900 elever og lærarar vore på besøk. Dei har delteke i aktivitetar rundt sau og ull, byggeskikk på Jæren og fuglelivet i Randaberg.



Museumspedagog Unn Iren Nygård fortel nyvitne barn på Vistnestunet om høna.

#### › DET SKJER – I SOMMAR:

Sommaren er høgsesong for Jærmuseet, og alle avdelingar er opne for publikum. Rundt i alle kommunane er det gilde aktivitetsdagar med spanande tema som er verdt å få med seg.

#### Sundag 13. juni:

Zzzzzzummmande biedag, Vitengarden  
Bli betre kjent med bier og honningproduksjon. Fleire aktivitetar for barna, og publikum får vera med på besøk ut i bikubene. Kl 12-17.

#### Sundag 13. juni:

Redningsdag, Varden redningsmuseum  
Demonstrasjon av gammalt redningsutstyr og aktivitetar som barking av tau, segling i stampen, snekring av båtar sporløyper. Kl 13-16.

#### Sundag 13. juni:

Familedag på fyret, Tungenes fyr  
Starten på sommarsesongen vert markert med aktivitetsdag. Me set i gong både fyret og tåkeluren, her leikar barn i alle aldrar, og motorgruppa i Tungevågen fyrar opp dei kraftige båtmotorane sine. Til sesongstarten har me laga ei ny utstilling: navigasjonsløypa. Her gjeld det å finne rett veg mellom sjømerke som er plasserte i fyranlegget. Kl 12-16.

#### Sundag 13. juni:

Kom og leik, Haugabakka  
Me finn fram tradisjonelle leiker som styteløp, hesteskokasting, slå på ringen og bro, bro, brille. Klarer du gå fortare på stytler enn ordførar Elfin Lea? I tillegg kan du laga din eiga tvåre. Kl 12-16.

#### Sundag 27. juni:

Jonsokleik og bakedag, Grødal  
Trekspel, song og dans i hagen. Servering av syrekaker og kinning av smør. Kl 12-17.

#### Sundag 27. juni:

Slåttedag, Undheim  
Saman med Time bygdemuseum finn me fram gammal reiskap og inviterer til slåttedag. Graset skal slåast, hesjene skal setjast opp og høylasset skal køyrast inn. Ein dag som garantert tek deg tilbake i tid. Kl 12-16.

#### Sommaren på Vitenfabrikken

Kvar dag i sommar er det fullt program. Opplev eit forrykande kjemishow, bli med på "jippi-timen" på observasjonsterassen og sjå filmen "Sandnes på 12 minutt" i Planetariet. Daglege filmvisningar frå Sandnes si byhistorie i auditoriet.

#### Sommaren på Vitengarden

Bondekona flytter til gards og byr på tradisjonsmat som vannbakkels, mårpørøse og syrekaker. Ute kan barna balansere på rundballar, og inne i utstillinga er det rule-rande publikumsaktivitetar kvar dag.

#### Sundag 15. august

Trivselsbygda di og bakedag, Grødal  
Lag din eigen drage, eller ring til å spela ringspel med og lær meir om dei ulike knutane. Servering av havrekjeks. Kl 11-16.

#### Sundag 22. august:

Teknikkens dag, Vitengarden  
Teknikk til "vanns, lands og i lufta". Me garanterar mykje røyk, høg lyd og eksos. Opplev både eldre motorar og nyare teknikk. Kl 12-17.

#### › JÆRMUSEET PÅ FACEBOOK

Bli tilhengar av Jærmuseet si facebook-gruppe og få oppdatert informasjon om komande aktivitetar ved dei ulike avdelingane, og ting som rører seg i museet.